


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



TRUSOPPLÆRINGSPRIS TIL KOMPIS?

IKO er eit kompetanse og utviklingscenter som arbeidar innanfor fire område: Kyrkje og kyrkjelyd, Barnehage, Skule, og Heim og familie. Dei har over 20 tilsette og jobbar ma. med å laga trusopplærings-materiell for born og kursmateriell for vaksne som er saman med born i kyrkje og barnehage. IKO er eigd av bispedømeråda i Den norske kyrkja, bispemøtet og ei heil rekkje med kristne organisasjonar.

Kvart år delar IKO ut ein trusopplæringspris til «menigheter, organisasjonar eller grupper som på ein særleg måte har fremmet trosopplæring». I år er tiltaket «Kompis» i kyrkja på Haga ein av dei tre som er nominert til prisen. Dette er stort! I konkurransen med tiltak frå heile Noreg, og etter ei svært nøye vurdering av svært kompetente folk, er me altså kome heilt i «finalen». På IKO si nettside tronar Line Bjørhovd som tidlegare kompisleiar, med ein kompisjeng som går i tiende klasse no. (Sjå www.iko.no) Då dei på kort varsel bad om å få ti bilete frå Kompis, måtte me grava litt i arkiva...

Gjennom å «visa til tverrfagleg samarbeid i kyrkjelydane, vera til inspirasjon for andre og godt metodisk arbeid, har årets jury vald å nominera desse tre tiltaka»:

- Klimakonfirmant på Helgeland
- TGIF i Åsane, Bergen
- Kompis i Samnanger

Mange av dykk kjenner til Kom-



pis, men for dykk som ikkje gjer det: Det er ein klubb for aldersgruppa 10-13 år som held til i kyrkja på Haga om onsdagane. Onsdagane sluttar skulen tidleg, og då kan borna gå i kyrkja og vera der til foreldra kjem heim. Dei får eit varmt måltid mat, dei kan få leksehjelp av pensjonerte lærarar, dei kan leika både inne og ute, og dei har ei samling inne i kyrkja der dei får med seg både bibelhistorie og tema som vennskap, nestekjærleik, og å gjera noko for andre.

Når du les dette, er kanskje prisen utdelt. Han skal offentliggjeras torsdag 5. november på trusopplæringskonferansen framfor 1500 medarbeidarar frå kyrkjelydar i heile landet. Dei som vinn får 50 000 kr og eit kunstverk av Helge Bøe.

Me tenkjer at berre det å vera nominert er stort! Me takkar Brita Grastveit som starta opp tiltaket, Line Bjørhovd som utvikla det vidare og Kristi Mjelstad som driv det no på ein flott måte! Me takkar Anne Tandstad som lagar all den gode maten,

og me takkar alle dei frivillige medarbeidarane som stiller opp på fritida si for å vera med kompisane. Sidan det går på dagtid, er det mest pensjonistar med Ada Haugen som den eldste på godt over 80 år! TAKK

B.H.

DET NYE SOKNERÅDET

tok til arbeidet sitt 1. november.

Lista har vore offentleggjort i Samningen før, men me tek ho med på kyrkjesida også:

Anlaug Røen Hauge
Hilde Maraas Aarvik
Anne-Kjersti Steinsvoll
Alfred M. Bruvik
Jostein L. Loe
Inger E. Odland

Åshild Aa. Haga er første vara og Rune Flatabø andre.

Dei har konstituert seg: Hilde M. Aarvik er leiar og Anlaug R. Hauge er nestleiar. Leiaren vert vald for eit år om gongen.

Den kommunale representanten til kyrkjestyret, vert vald av det nye kommunestyret. Me ynskjer det nye soknerådet lukke til med arbeidet framover!

Kva er nødvendig vedlikehald?

Det gamle kyrkjestyret kom på det siste møtet sitt med framlegg til budsjett for den delen av kyrkja sitt arbeid som kommunen skal løyva midlar til.

Kommunestyret løyver ei ramme til kyrkja og kyrkjestyret prioriterer innanfor denne ramma. Kva kommunen skal løyva midlar til, er regulert av kyrkjelova. Men kva som er «nødvendig vedlikehald», er ei sak kommunestyret og kyrkjestyret vanlegvis ikkje er samde om. Den ordinære budsjetttramma til kyrkja gjev ikkje rom for vedlikehald utanom småreparasjonar. Øvst på «ynskjelista» for neste år står reparasjon av taket på bårhuset. Taket har så dårlege lekter at ein kan risikera at helene ramlar når det vert snø og is.

Over 40% av kyrkjebrannar er påsette, og då er utvendig varslingsviktig. For 60 tusen kan ein


få utvendig brannalarm til kyrkja på Ådland – dette stod på topp på «ynskjelista» i fjor også utan at kommunestyret såg seg råd til det. Elles ynskjer kyrkjestyret seg m.a. utskifting av lysarmaturar i kyrkja på Haga. Det er no over 20 lampar som ikkje verkar, og dei nye lampetypane går ikkje saman med dei gamle, så heile felt må skiftast. Dette har stått på ventelista i fleire år, saman med nytt sikringskap til Ådlandskyrkja og ein del anna vedlikehald som er for dyrt til å greia utan ekstraløyving.

Kyrkjestyret ynskjer seg ei utvida råde med ein «vedlikehaldspot» som er så stor at ein kan få gjort nokre større reparasjonar kvart år, innanfor ramma. Då kan ein betre planleggja vedlikehald, og kanskje også ha ein buffer om noko ekstra skulle koma til.

ME TRENG FRIVILLIGE TIL Å VERA MED PÅ SMÅBARNSTRALL OG BABYSONG

Anna kvar onsdag kl.10-12 samlast det ein gjeng med foreldre og born i alderen 1-4 år og syng og dansar, klappar og gyngar, hoppar og sprett og har det veldig kjekt i lag! Belinda Aasgaard Kalvenes er leiar for Småbarnstrall. Ho syns det er veldig kjekt og gjevande å vere ein del av eit slikt prosjekt, men det kunne vore fint å ha nokon å dele ansvaret med. Kunne du tenkje deg å gje ei hjelpande hand, og bruke nokre onsdagar med song og trall i lag med born og foreldre?

Babysong er ikkje starta opp igjen etter sommaren, for me manglar nokon som vil ta ansvar



for det. Det har vore veldig populært med babysong. Mange har kommentert at det er godt å koma seg litt ut av huset og syngja og snakka med andre foreldre i same fase som ein sjølv, og det er kjekt for babyen å bli sunge for og dulla med og få vera saman med andre babyar.

Me veit ikkje heilt kven me skal spørja, så difor set me det no inn her. Kanskje du er ei bestemor som likar å syngja og har frie dagar, eller du er akkurat blitt forelder, og vil bidra med babysong i lag med babyen, eller du berre har fri ein formiddag no og då, og kunne tenkje deg å vere med på dette? Gje oss ein lyd!